



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv R

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.
R-7/2020

Vår ref
20/5556

Dato
09.09.2020

Statsbudsjettet 2020 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2020. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2020 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 14. oktober 2020. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2019
- Saldert budsjett 2020 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2020

I hovudbudsjettskrivet for 2021 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2020 innan 27. juli 2020. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 20. november 2020. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 16. november 2020.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2020 vil etter planen verte fremja i statsråd 27. november 2020.

Med helsing

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer